

Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Stryn kommune, Vestland

§ 1 Formål

Føremålet med denne forskrifta er å hindre ureining og helseproblem i kommunen som følgje av open brenning og brenning av avfall i småomnar.

§ 2 Verkeområde

Denne forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar innanfor kommunen sine grenser.

§ 3 Definisjonar

I denne forskrifta er omgrepa definert slik:

- a. Open brenning: all brenning som skjer utandørs.
- b. Småomnar: forbrenningsomnar som ikkje har løyve frå Miljødirektoratet eller Statsforvalteren eller er tillate brukt etter statleg forskrift etter forureiningslova.
- c. Reint trevirke: trevirke som er ubehandla, ikkje malt, beisa, trykkimpregnerert eller liknande.

§ 4 Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode om ikkje anna følgjer av § 5 i denne forskrifta.

§ 5 Unntak frå forbodet

Følgjande brenning er unnateke frå forbodet i § 4 føresett at det berre brukast reint trevirke, kol eller ved og ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe:

- a. bruk av grillinnretningar, utepeisar og bålpanner
- b. turbål brukt i tradisjonelt friluftsliv
- c. brenning av reint trevirke i vedovn
- d. Jonsokbål og Olsokbål på Jonsokaftan/Olsokaftan den 23./29. juni eller tilstøytande helg.
- e. ranke- og flatebrenning i skogbruket er tillate når avstanden til anna busetnad, offentlege friområde/parkar og offentleg veg er større enn 100 meter,
- f. brenning av bråte, samt brenning av gras og lyng til beiteforbetring er tillate når avstanden til anna busetnad, offentlege friområde/parkar og offentleg veg er større enn 100 meter,
- g. brenning av små mengder reint avfallstrevirke, t.d. kvistavfall frå bær- og fruktproduksjon og kvist/kratt etter rydding av beite, når avstanden til anna busetnad, offentlege friområde/parkar og offentleg veg er større enn 100 meter.
- h. brenning av små mengder tørt hageavfall når avstanden til anna busetnad, offentlege friområde/parkar og offentleg veg er større enn 100 meter,
- i. kulturarrangement med vardebrenning eller liknande er tillate når avstanden til anna busetnad, offentlege friområde/parkar og offentleg veg er større enn 100 meter,

Unntak frå andre ledd er underlagt rammene som følgjer av nasjonal forskrift om brannforebygging.

Planlagt brenning i samsvar med andre ledd punkt d.-i. skal meldast til brannvernmynde på førehand.

Brenning skal berre finne stad dersom det openbart ikkje kan medføre fare for brann og er underlagt rammene som følgjer av forskrift om brannførebygging.

§ 6 Dispensasjon

Kommunen kan i særlege tilfelle, etter skriftleg søknad, gje dispensasjon frå forbodet i § 4.

§ 7 Tilsyn

Kommunen er tilsynsmynde etter denne forskrifta.

§ 8 Klage

Vedtak treft i medhald av denne forskrifta kan klagast på til kommunen jamfør [Forvaltningsloven § 28](#).

§ 9 Straff

Ved brot på denne forskrifta kan kommunen som lokal ureiningsmynde:

- a. gje pålegg etter [Forurensningsloven § 7](#) fjerde ledd.
- b. ileggje tvangsmulkt etter [Forurensningsloven § 73](#).
- c. iverksette tiltak dersom pålegget ikkje etterfølgjast etter [Forurensningsloven § 74](#).
- d. krevje refusjon av utgifter i samband med gjennomføring av tiltak etter [Forurensningsloven § 74](#).
- e. melde forholdet etter [Forurensningsloven § 74](#) om straffeansvar for ureining og [§ 79](#) om straffeansvar for ulovleg handtering av avfall.

§ 10 Iverksetting

Denne forskrifta trer i kraft ved kunngjeringsdato.

Kommentarar til forskrifta

Forskrift og kommentarar bygger hovudsakleg på Miljødirektoratet sin rettleiar til kommunar for å fastsette forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar.

Til § 1. Formål

Føremålet med denne forskrifta er å hindre ureining og helseproblem i kommunen som følgje av open brenning og brenning av avfall i småomnar. Kommunen ynskjer også at forskrifta skal bidra til ei betre avfallshandtering og betre utnytting av ressursar gjennom avfallsreduksjon, materialgjenvinning og energiutnytting.

Til § 5 Unntak frå forbodet

Følgjande brenning er unnateke frå forbodet i § 4 når det brukast reint trevirke, kol eller ved og ikkje fører til nemneverdig skade eller ulempe:

- a. bruk av grillinnretningar, utepeisar og bålpanner
- b. turbål brukt i tradisjonelt friluftsliv
- c. brenning av reint trevirke i vedomn
- d. Jonsokbål og Olsokbål på Jonsokaften/Olsokaften den 23./29. juni eller tilstøytande helg.

Jonsokbål/Olsokbål skal:

- berre brennast på opparbeidd bål plass,
- det er berre reint og tørt trevirke som kan brennast
- avfall som bildekk, ureina og impregnert trevirke, plast og isolasjonsmateriale med meir skal ikkje brennast på jonsokbål.

- e. ranke- og flatebrenning i skogbruket er tillate når avstanden til anna busetnad, offentlege friområde og parkar, og offentleg veg er større enn 100 meter,

Ranke- og flatebrenning i skogbruket gjeld berre open brenning av skogsavfall på staden. Oppsamla skogsavfall sjåast som næringsavfall, og skal leverast til godkjent mottak jamfør forureiningslova § 32 om handtering av næringsavfall. Med anna busetnad meinast annan enn eigen bustad.

- f. brenning av bråte, samt brenning av gras og lyng til beiteforbetring er tillate når avstanden til anna busetnad, offentlege friområde/parkar og offentleg veg er større enn 100 meter,
- g. brenning av reint avfallstrevirke, t.d. kvistavfall frå bær- og fruktproduksjon og kvist/kratt etter rydding av beite, når avstanden til anna busetnad, offentlege friområde/parkar og offentleg veg er større enn 100 meter.

Med reint avfallstrevirke meinast kvistavfall t.d. frå bær- og fruktproduksjon og kvist og kratt etter rydding av beiteareal og nydyrking. Brenning av små mengder reint trevirke, t.d. øydelagde pallar, eplekasser eller materialkapp, er tillate. Rivingsavfall, møblar og større mengder oppsamla avfallstrevirke reknast eller sidestillast med næringsavfall og skal ikkje brennast, men leverast til godkjent mottak jamfør forureiningslova § 32. Mengda bør ikkje overskride det som svarar til eitt tilhengarlass. Materialkapp og anna reint avfallstrevirke med gjenbruksverdi, bør primært nyttast til ved eller leverast til kommunen sitt avfallsanlegg.

- h. brenning av små mengder tørt hageavfall når avstanden til anna busetnad, offentlege friområde/parkar og offentleg veg er større enn 100 meter,

Med små mengder hageavfall meinast hageavfall tilsvarande ei enkelt hagerydding frå ei hushaldning. Mengda bør ikkje overskride det som svarar til eitt tilhengarlass. Brenning av hageavfall

bør så langt det er mogleg unngåast. Hageavfall bør primært komposterast på eigen eigedom eller leverast til kommunen sitt avfallsanlegg.

- i. kulturarrangement med vardebrenning eller liknande er tillate når avstanden til anna busetnad, offentlege friområde og parkar og offentleg veg er større enn 100 meter,

Unntak frå første ledd er underlagt rammene som følgjer av nasjonal forskrift om brannforebygging.

Ein viktig paragraf i denne samanheng er § 3 i Forskrift om brannforebygging:

«det er i tidsrommet 15. april til 15. september forbudt å gjøre opp ild eller behandle brannfarlige gjenstander i eller i nærheten av skog og annen utmark. Det er likevel tillatt å gjøre opp ild når

- a. *kommunen har gitt tillatelse eller*
- b. *kommunestyret selv gjennom lokal forskrift har tillatt dette fordi lokale forhold tilsier det eller*
- c. *det er åpenbart at brann ikke kan oppstå.»*

Nasjonal forskrift set også krav om tiltak og melding til brannvesenet ved flatebrenning, brenning av hogstavfall samt gras- og lyngsviing i eller i nærleiken av skogmark.

Til § 6 Dispensasjon

Kommunen kan i særlege tilfelle, etter skriftleg søknad, gje dispensasjon frå forbudet i § 4.

Kommunen har ikkje mynde til å gje dispensasjon for brenning av næringsavfall, eller å tillate brenning av avfall i småomnar berekna for brenning av avfall. Brenning i slike omnar krev utsleppsløyve etter forureiningslova § 11, om særskilt løyve til ureinande tiltak, frå Statsforvaltaren. Kommunen har ikkje mynde etter ureiningslova § 11.

Til § 7 Tilsyn

Kommunen skal føre tilsyn med all form for open brenning og brenning av avfall i småomnar. Dette gjeld også brenning som ikkje reknast som vanleg ureining og brenning av næringsavfall. Dersom kommunen gjennom å føre tilsyn avdekkar brot på føresegner i den kommunale forskrifta, eller andre former for ulovleg open brenning eller brenning av avfall i småomnar, kan kommunen nytte verkemiddel som er skildra i § 9 (Straff).